



17.06.2010

Trond Stensby
Lesja kommune

Arkivsak: 10/1496
Løpenr.: 10/7699
Sakshandsamar:
Maria C. Knagenhjelm

2665 Lesja

Ottadalen Villreinområde - kartavgrensing i Luster sin del av planområdet

Syner til møte i Luster kommune den 10.06.2010, der kommunen skulle komme med innspel til plangrense for Ottadalen villreinområde.

I eit internt møte på kommunehuset med plansjef Arne I. Lerum, kommuneplanleggjar Torunn Løne Vinje, oppsynsmann Einar Fortun og underteikna den 17.06.2010 kom vi fram til følgjande forslag om foreløpig grense for planområdet (sjå vedlagt kart og gul strek):

Grensa følgjer hovudsakleg vernegrensa for Breheimen nasjonalpark, der Vigdalen landskapsvernområde er inkludert, men Mørkridsdalen landskapsvernområde er ekskludert. To områder vert i tillegg foreslått inkludert i planområdet. Det eine grensa går omtrent frå Sprongdalsløyfti, over Sprongdalen til topp 1684 ved Vivakulen og via Klubben til fylkesgrensa. Dette området inkluderer da Styggevatnet/Austdalsvatnet/Kupvatnet og breområder vest for vatna som reinen brukar i delar av sommarhalvåret. Det andre området utanfor vernegrensa går tvers over Fortunsdalen, med grensdragning mellom Åsete og Åseteholten/ Vassteinsgalden. Dette området inkluderer då Nørstedalsseter til og med Illvatnet, Middalen til og med Bredalsvatnet/Svartdalsvatnet og Vetledalen inkludert øvre Grønevatnet.

På kartet er det også stipla inn ei linje for å markere grensa mellom Ottadalen villreinområde og området for Vest-Jotunheimen-stamma.

Viser også til møtet i Luster der det vart peika på manglande registreringar knytt til fangstanlegg i villreinområdet. Luster kommune oppmodar med dette om at det i tilknytning til planarbeidet vert sett i gang registreringar for å få ei betre oversikt over fangstanlegga i kommunen. Dette er også med bakgrunn i at planen skal ha fokus på kulturminne og kulturmiljø.

Med helsing

Maria C. Knagenhjelm
naturforvaltar
tlf.:57 68 55 82

Vedlegg:

Kart med innteikna gul linje for å markere foreslått plangrense.

Kopi til:

Rådmannen - plan, Arne Ingjald Lerum, Rådmannen - plan, Torunn Løne Vinje, Landbruk og naturforvaltning,
Steinulf Skjerdal, Landbruk og naturforvaltning, Einar Fortun